# Steg for steg for å sjekke Godkjent spreieareal på innmarksbeite i kart:

Gå inn på https://www.temakart-rogaland.no/spreieareal

Dersom det kjem opp ein  meldingsboks. Trykk lukk.



**1. Søke opp eigedom**

Klikk på forstørringsglaset, velg det nederste alternativet

«Eiendommer etter gnr/bnr».




Skriv inn Kommunenummer 1160 for Vindafjord kommune

og Gnr. og Bnr. på eigendomen du vil søkje opp.

Trykk på forslaget som kjem opp under linja.

Du får nå opp ei oversikt over gardsbruket.

**2. Velg temalag** ved å trykke på denne knappen 




Merk at denne menyen har ei lita pil foran boksane med dei ulike temalaga.

Ved å trykke på pila kjem det opp fleire val for kva som syner i kartet.

Nedanfor syner eg nokre val som gir ei god oversikt over innmarksbeite godkjent som spreieareal.

**3. temalag -spreieareal informasjon**

- Trykk på lita pil foran **spreieareal informasjon**

- velg deretter **DOK –AR5 – jordbruksareal** som vist her, med dei raude pilene.

- Huk også av **Eiendomsgrense WMS**, dersom du vil ha med eigedomsgrensene.



No syner jordbruksareala med kvar sin farge. Innmarksbeite med lysgul farge, overflatedyrka som gul og fulldyrka som oransje farge i kartet.



**4. Temalag- spreieareal landbrukseigedom**

-Velg lita pil framfor **spreieareal landbrukseigedom og huk av i boksen spreieareal landbrukseigedom**




No viser alt godkjend spreieareal i innmarksbeite merka med lilla i kartet.




Du kan zoome inn i kartet ved å bruke pluss og minus knappane nedst til høgre i kartet.

Ved å zoome deg inn på dei lilla figurane kjem det fram tekst som viser gards og bruksnummer,

antall daa godkjent spreieareal på aktuelt felt i tillegg til totalt godkjent spreieareal på landbrukseigedommen.

**5.Tabell – for registrert informasjon om kvar enkelt felt**

For å få meir informasjon kan kan du hente fram ein tabell ved å

trykke på dei tre prikkane etter **spreieareal landbrukseigedom** og velje åpne tabell»

Du får då opp ein tabell med gards- og bruks- nummer, og informasjon om godkjent spreieareal på kvart felt.




For lettare å finne dine aktuelle felt, huk av i ruta nedst til venstre i tabellen« vis kun objekter synlig i kart».



**6.Skjema**

Lengst til høgre i tabellen kan du trykke på dette symbolet

for å få opp skjema med registrerte data for kvar enkelt felt.




Skjemaet kjem opp lengst til høgre med informasjon om feltet.

Her kan du finne utrekna spreieareal for dette feltet og totalt for heile landbrukseigedommen.

Her er forklaring til kva som er med i skjemaet:

**Knr-gnr-bnr** syner kommunenr. og gardsnummer og bruksnummer på valgt felt.

**Polygon godkjent spreieareal** viser godkjent omrekna spreieareal på dette feltet som kan tas med som godkjent spreieareal (inntekna areal minus prosenttrekk stein m.m. delt på 1,5).

**Landbrukseiendom godkjent spreieareal:** syner antall godkjent dekar normert spreieareal i innmarksbeite totalt på alle felt på den landbrukseigedommen dette feltet ligg.

**Felt id** er id nummer på feltet som syner i kart, og omtalt i vedtak om godkjent spreieareal i innmarksbeite.

**Prosent trekk** er andel stein og liknande som er trekt i frå brutto arealet.

**Dato registrert** er dato for innteikning av feltet i kart.